



# Sund Sokneblad

**Nr. 5**  
7. desember 2022  
Årg. 91



Første søndag i advent var ein LysVaken-gjeng med i Sund kyrkje etter å ha vore i kyrkja sidan kvelden før og overnatta der. Her går dei i prosesjon inn i kyrkja.

## Julemessa

Laurdag 19. november var det julemesse i Kyrkjekjellaren. Som vanleg på desse messene var mange menneske samla. Overskotet blei på om lag 72.000 kr.

**side 4**

## Konfirmantkulla

I løpet av september vart dei to konfirmantkulla i indre og ytre Sund presenterte i dei to kyrkjene.

**side 5**

## Teikneseriebibelen

10-åringar i Sund sokn fekk søndag 27. november utdelt ein teikneseriebibel frå kyrkja.

**side 15**

## Kyrkjemusikk

I ei veke i september vart Øygarden Kyrkjemusikkfestival avvikla i fleire av kyrkjene i Øygarden. Ein av konsertane var i Sund kyrkje måndag 19. september.

**side 10**

## Pensjonist

Driftsleiaren for kyrkjer og gravplassar i Øygarden, Norvald Snekkevik, blir pensjonist. Vi har intervju med han

**side 8**

## Avskjed med biskopen

**side 11**

**sistesida**

## Pastoralt perspektiv

### I kong Davids by det hende

Slik begynner en av våre nye julesalmer i Norsk Salmebok 2013, som vi har fått fra den anglikanske kirken i Irland.

Vidar Kristensen har skrevet en innledning til alle salmene i den nye salmeboka vår i «Stevnemøte med Salmeboka», og på den måten blir vi kjent med både bakgrunn og bruk av ukjente salmeskatter som «I kong Davids by det hende»:

«Den som befinner seg i Cambridge en julaften, bør ta turen til King's College Chapel når *Festival of Nine Lessons and Carols* gjennomføres. Siden 1919 har «Once in Royal David's City» vært brukt som fast prosesjonssalme. Første vers blir sunget av en guttesopran, så stemmer koret i, og fra vers tre synger hele menigheten. Siden 1928 er begivenheten blitt kringkastet hvert år, og sendingen går ut til alle land i hele verden.

Hun som skrev teksten til denne julesangen, var en irsk kvinne, født i Dublin i 1818. Cecil Frances Humphreys skrev vers fra hun var svært ung, og da hun var 22, fikk flere av salmene hennes plass i den nye salmeboka til Church of Ireland, den selvstendige anglikanske kirken i Irland. Hun giftet seg med en annen poet, presten William Alexander, og tok hans etternavn. Han ble senere erkebiskop i den irske anglikanske kirken.

I 1848 gav Cecil Frances Alexander ut en bok med salmer for barn, *Hymns for Little Children*. Der ville hun lære barna katekismen gjennom sanger. Hun skrev blant annet sanger til leddene i Den apostoliske trosbekjennelsen. «I kong Davids by det hende» ble skrevet til ordene «født av jomfru Maria». Davids by er selvsagt Betlehem.

Sangen skiller seg fra andre julesanger ved at den også forteller om Jesus som ungdom og voksen (vers 3). Men ikke bare det, også forventningen til gjenkomsten har fått sin plass: «Våre auge snart skal sjå han / når vi møter han til sist.»

Kjetil Frøysa oversatte «Once in Royal David's City» til norsk språkdrakt i 1975.

#### NoS nr. 46:

*1 I kong Davids by det hende  
som profeten hadde sagt.  
I ein stall og i ei krubbe  
vart eit barn til kvile lagt.  
Barnet var Guds sanne ord.  
Møy Maria var hans mor.*

*2 La oss gå til dette barnet  
som er Gud og Herren vår.  
Han kom ned frå høge himmel,  
ville dele våre kår.  
Alt det ringe og det svake  
vil han nådig til seg take.*

*3 Her på jorda barnet levde.  
Dag for dag han vaks lik oss.  
Helt seg saman med det lave.  
Døden fann han på ein kross.  
Fridde seg or dødens makt,  
og sto fram i guddoms prakt.*

Framhald neste side

## Velkommen til gudsteneste

### 11. desember - 3. søndag i adventstida - Matt 11,2-11

SUND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Eige arbeid

### 18. desember - 4. søndag i adventstida - Luk 1,46-55

KAUSLAND kyrkje kl. 18.00 *Vi syng jula inn*

### 24. desember - Julaften - Luk 2,1-20

KAUSLAND kyrkje kl. 14.30 Familiegudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Takkoffer: Kirkens Nødhjelp

SUND kyrkje kl. 16.00 Familiegudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Takkoffer: Kirkens Nødhjelp

### 25. desember - Juledag - Joh 1,1-14

SUND kyrkje kl. 12.00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Det Norske Misjonselskap

### 26. desember - 2. juledag/StefanUSDagen - Matt 2,16-23

KAUSLAND kyrkje kl. 12.00 Gudsteneste v/?. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Misjonsalliansen

### 01. januar - Nyttårsdag/Jesu namnedag - Luk 2,21

SUND kyrkje kl. 12.00 Gudsteneste v/Erling Kopperud. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Misjonsalliansen

### 08. januar - Kristi openberringsdag - Matt 2,1-12

KAUSLAND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Eige arbeid

### 15. januar - 2. søndag i openberringstida - Matt 3,13-17

SUND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/Erling Kopperud. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Den Norske Israelsmisjon

### 22. januar - 3. søndag i openberringstida - Joh 2,1-11

KAUSLAND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/Erling Kopperud. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Eige arbeid

### 29. januar - 4. søndag i openberringstida - Luk 18,35-43

SUND kyrkje kl. 11.00 Familiegudsteneste v/Erling Kopperud. Dåp. Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet  
*Konfirmantane deltek*

### 05. februar - Såmannssøndag - Luk 8,4-15

KAUSLAND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/Jan Tommy Fosse. Nattverd. Takkoffer: Bibelselskapet/Verbun forlag  
*Innsetjing av ny sokneprest*

### 12. februar - Kristi forklaringsdag - Matt 17,1-9

SUND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/?. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Cuba

### 19. februar - Fastelavnssøndag - Joh 17,20-26

KAUSLAND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/?. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Eige arbeid

### 26. februar - 1. søndag i fastetida - Matt 4,1-11

SUND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/?. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Eige arbeid

### 05. mars - 2. søndag i fastetida - Matt 15,21-28

KAUSLAND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/?. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Den indre Sjømannsmisjon

### 12. mars - 3. søndag i fastetida - Luk 11,14-28

SUND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/?. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Eige arbeid

- Når det står 'Dåp' betyr det at det er høve til å ha dåp
- Det er som oftast kyrkjekaffi, men ikkje alltid dersom lokala er utleigde
- Endringar i lista kan skje. Sjå gudstenestekunngjering i fredagsavisa av Vestnytt

## Sei noko om Jesus!

Den 30. november sluttar eg som biskop. Dette er difor mi siste julehelsing i kyrkjeblada i Bjørgvin. Då vil eg seia noko om Jesus. Eg har sagt mykje om mangt i dei nesten 14 åra eg har vore biskop. Men ingen ting har vore viktigare for meg enn å seia noko om Jesus.

*Den kjende svenske forfattaren Göran Tunström opplevde ein gong at telefonen hans plutsleg ringde svært seint ein kveld. Det var ein gammal ven som livet hadde køyrt over fleire gonger. Han kjende seg totalt ferdig. Det einaste han orka å seia var: – Du må komme!*

*Tunström kom, og vart møtt av venen som hang i dørkarmen med den eine handa, medan den andre heldt fast på ei whiskyflaske. Han såg på Tunström med slitne augo og fekk stamma fram: – Du må seia noko! Tunström svarte: – Kva skal eg seia? Vennen sa: – Eg veit ikkje. Men du er jo forfattar. Du må seia noko.*

*Då datt det ut av Tunström: – Skal eg seia noko om Jesus? – Ja, sa vennen. Gjer det! Sei noko om Jesus! Så byrja han å gråta. Tunström gjorde som han vart beden om. Han sette seg ned saman med venen, og byrja å snakka om Jesus.*

Eg forstår dette utbrotet: – Sei noko om Jesus! Viss eg kjem dit at alt rasar rundt meg, slik det gjorde for mannen i denne forteljinga, då vil eg høyra om Jesus. Då vil eg høyra om han som er sentrum i julefeiringa. Han som kom frå Gud, men som søkte seg nedover og landa på strå i Betlehem. Han som i alt han gjorde viste ei særleg omsorg for dei som sleit med å komma gjennom dagane, og dei som stod på sida av det gode selskapet.

### I kong Davids by...

*Framhald frå førre side*

*4 Våre auge snart skal sjå han  
når vi møter han til sist.  
For det vesle barn i krubba  
er vår Herre Jesus Krist.  
Her ifrå han tek oss brått,  
fører oss dit han har gått.*

*5 Ikkje i ei ussel krubbe,  
bunden under jordisk band,  
men i himlen skal vi sjå han,  
ved Gud Faders høgre hand.  
Kringom han i kvitt vi står,  
alle som fekk barnekår.*

Erling Kopperud

Når vi les dei fire evangelia i Bibelen, ser vi at Jesus er miskunnsam og full av omsorg. Ein stad står det: «Då Jesus såg alt folket, fekk han inderleg medkjensle med dei, for dei var forkomme og hjelpelause, som sauer utan gjetar» Orda som her er omsette med «han fekk inderleg medkjensle med dei», betyr direkte omsett: «hans indre kom i rørsle **på grunn av dei**». Menneske si naud rører Jesus

På vegen ut av Bjørgvin og tilbake til Ås der eg kom frå, spør eg meg sjølv: Kva fekk eg gjort som biskop? Mest av alt håpar eg at eg som Tunström har fått sagt noko om Jesus, om kjærleiken hans til oss. At eg har bidrege til å styrka trua på han som både er Guds son og **på same tid** menneskevenen, og som er fylt av inderleg medkjensle med alle.

Takk for meg! Det har vore ei festreise å



30. november var siste dag for Halvor Nordhaug i stillinga som biskop i Bjørgvin.

vera biskop i Bjørgvin. Eg ønskjer dykk alle ei gledeleg jul og Guds velsigning!

Halvor Nordhaug

## Ny sokneprest i Sund sokn



Lars Arne Vik har teke imot stillinga som sokneprest i Sund sokn.

Det måtte tre forsøk til før det endeleg lukkast å få tak i ein ny sokneprest i Sund sokn. Men i den tredje utlysinga dukka Lars Arne Vik opp, og han tok i mot stillinga. Han er i dag sokneprest i Øystese og Ålvik i Kvam kyrkjelege fellesråd. Her har Vik vore sokneprest i tretten år.

- Eg gler meg til å bli sokneprest i Sund

sokn, seier Lars Arne Vik. Men han gler seg òg til å flytta heim att til gamle Øygarden, der han kjem frå. Familien har eit hus på Knatten på Toftøyna. Det var kona hans som først fekk jobb i Øygarden, og då var det naturleg for Lars Arne Vik å følgja etter.

Lars Arne Vik fortel at han likar både å jogga og å lesa, og ofte kombinerer han dei to tinga ved at han har ei lydbook på øyra når han joggar.

I snart eit år har Sund sokn mangla sokneprest etter at Kjell-Asle Børnes gav seg ved nyttår. Fleire vikarar har fylt plassen hans dette siste året. Sist no er Erling Kopperud, tidlegare prost i Vesthordland prosti. Tre utlysingar måtte til før det endeleg dukka opp ein prest som tok imot stillinga.

Den nye soknepresten skal innsetjast i den nye stillinga si søndag 5. februar i Kausland kyrkje. Dermed er det slutt på ventetida på ein ny sokneprest i Sund sokn.

Olai Otterå



Mange var innom kaféen i løpet av julemessa.

## Julemessa

Den tradisjonelle Julemessa i Kyrkjekjellaren gjekk i år av stabelen laurdag 19. november. Som vanleg var det også i år fullt i lokalet. Fleire ting var til sals, t.d. ulike typar julekaker og kakebotnar. Det første som gjekk var lefsene, fekk vi opplyst. Elles var det to åresal og trekking av loddbøker.

I kaféen kunne ein få kaffi og kaker, men òg graut, og dei fleste nytta seg av desse tilboda. Undervegs var det også song av Stjerne- og Betweenkora, og Hildegunn B. Myklebust heldt ein kort andakt.

Det var Brynhild Enerhaug som leia julemessa, og ho kjem her med følgjande helsing:

«Julemessa i Sund kyrkje gav ei inntekt på om lag 76000 kr og eit

overskot på om lag 72000 kr. Trass i tronge tider har næringslivet og private gjeve oss fine og praktiske gevinstar. Mange har kjøpt lodd, julemesseprodukt og kafémat.

Soknerådet og julemessekomiteen ynskjer å takke hjarteleg alle som har støtta oss. Pengane skal brukast til kulturelt arbeid for barn og vaksne i Sund kyrkje, og soknerådet forvaltar dette.

PS: Vårmesse og julemesse er faste arrangement her i Sund. Vi treng stadig nye gevinstar, så viss du har oss i tankane her, set vi stor pris på det!»

Olai Otterå



Ulike ting ein kunne kjøpa.



Hildegunn Børnes Myklebust heldt ein andakt.



Mange samla i Kyrkjekjellaren denne dagen. Her lyttar dei til Stjernekorset/Betweenkorset.

# Konfirmantkulla i indre og ytre Sund



**Konfirmantkullet i indre Sund vart presentert i Sund kyrkje søndag 18. september.**

FOTO: OLAI OTTERA

Lukas Eikeseth, Zander Steen-Sangolt, Sofie Rabben Steinsland, Lana Chrystabelle Armstrong, Tyr Ellertsen, Angelica Berge Finnesand, Tore Nesse Forland,

Ludvik Stikholmen, Linnea Haukås Hamre, Tuva Emilie Steen-Sangolt, Sestgård, Ina Emilie Dyngeland Eide, Malin-Marie Singdahlsen, Ida Sæhle, Liv Andrea Jen-

sen, Solveig Ulvøen, Rene- Aleksander Vågenes, Tobias Sander, Ingeborg Børnes Davøy, Markus Hustvedt Apeland, Ariana Jacobsen-Røsnes.



**Konfirmantkullet i ytre Sund vart presentert i Kausland kyrkje søndag 25. september.**

FOTO: OLAI OTTERA

Chrisander Emil Johnsen Glesnes, Andreas Haugsdal, Kamilla Jeanette Holvik Refvik, Cerine Kausland Flatabø, Teodor Berentsen Pedersen, Phillip August Breivik Kvilhaug, Emma Mæland, Eirik Lind Eide, Elias Vorland, Helene Glesnes, Emma Bertine Buttedal, Adrian Ellingsen, Wil-

liam Nekkøy, Benjamin Eriksen, Aaron Arnt Vatne, Aurora Sylte Glesnes, Emma Hermine Vetås Steinsland, Julie Kalvik Harkestad, Julianne Trellevik, Sondre Kårtveit Kalve, Annabel Freya Brown, Gaute Søvik Glesnes, Ulrik Hammersland Kleppevik, Krister Eriksen Kallestad,

Sander Tofterøy, Annabel Steinsland Whitfield, Maja Erichsen Solheim, Johanne Vorland Skoge, Michelle Aspevik Heggøy, Teo-August Gjertsen Steinsland, Aksel Kalgraff Håkonsund.



Sang av Stjernerketet/Betweensketet.

## Hausttakkefesten

Hausttakkefesten i år var i Kausland kyrkje 25. september. Som vanleg på hausttakkefesten var det ein del som hadde teke med seg noko frå markens grøde. Dette blei plassert på altarringen i kyrkja.

I preika konsentrerte Erling Kopperud seg om ein del av Fadervår: Gje oss i dag vårt daglege brød.

Elles var barnekora Sjernerketet og Betweensketet framme fleire gonger og song for kyrkjelyden.

Olai Otterå



Erling Kopperud studerer dei innkomne eksemplara av markens grøde.

## Lyft blikket og sjå deg ikring

Diakoniutvalet ynskjer å oppmuntra oss til å sjå kvarandre denne adventstida og juletida. Har vi tid til å sjå opp og sjå kvarandre?

Eit venleg smil, eit oppmuntrande ord eller at nokon har tid til å lytta, kan endra dagen vår. Det er ikkje meir som skal til for at kvardagen vår kan bli litt varmare og at vi har meir å gi vidare til dei vi møter. Alle, store og små, treng vi å bli sett. Det er heilt grunnleggjande for å trivast og ha det bra; At nokon ser oss. Du og eg kan gjera ein forskjell. Ditt smil og din oppmuntring

skapar ringverknader. Vi kan saman skapa eit varmare samfunn her vi bur.

Vi treng alle påfyll og kan når som helst venda blikket mot Jesus, han som alltid ser oss. Han som lar sitt ansikt lysa over oss og er oss nådig. Han som løfter sitt åsyn på oss og gir oss fred.

Vi ynskjer dykk alle ei god advents- og juletid.

*Helsing oss i Diakoniutvalet  
Hildegunn Børnes Myklebust*

### Fakta:

Diakoniutvalet er utnemnd av Soknerådet til å fokusera på det diakonale arbeidet i kyrkjelyden. Dei som er med er: Fredrik Mortensen (formann), Ruth Bakke, Øyvind Golten Pettersen, Sølvi Førde Sangolt og Hildegunn Børnes Myklebust.



Egil Reindal

## Egil Reindal om misjon

Egil Reindal var gjest på Føremiddagstreffet siste onsdagen i september. Treffet var i kyrkjelydshuset på Kausland. Som vanleg på desse føremiddagstreffa er det ei økt der dei frammøtte får forsyna seg med ein lunsj.

Men så var det tid for gjesten som vi hadde blitt kjent med etter at han fungerte som vikar som prest i Sund sokn medan vi ventar på ein ny sokneprest. Egil Reindal skulla snakka om misjon noko han har erfaring med etter å ha vore i Kamerun på 1990-talet og igjen i 2007-2009. Då underviste han i praktisk evangelisering.

Misjon er ein grunntanke i Bibelen, meinte Reindal. Gud skulle dra til seg folk av alle folkeslag. «Eg vil gjere deg til eit stort folk», seier 1 Mosebok.

Også Paulus snakka om misjon. Han meinte ein skulle koma bort frå avgudsdyrking og ha samband med Gud, forsona seg med Gud. Ein skulle vere saltet på jorda og lyset i verda, som han skriv i

Efesarbrevet.

Jesus lærte læresveinane i dei åra dei var saman med han. Så bad han dei å gå ut og gjere det dei no hadde lært. Men kor mange er det som har høyrte om evangeliet? - Ikkje så mange, meinte Reindal sjølv om mange område i verda har vore kristne område, slik som i Afrika, i Tyrkia, Irak, Iran og Syria.

Tendensar i verdsmisjoneringa: Afrika har vore sterkt, Amerika har stagnert og Europa har hatt tilbakegang.

I Nord-Kamerun, der Egil Reindal har jobba, står islam sterkt, og det er vanskeleg å nå inn til dei. Men eit lokalsamfunn ville bli kristne, misjonærar blei sende ut, og dei blei kristne. - Eg skal tilbake til Kamerun i november og undervise på bibelskulen der, fortel Reindal. - Ein kyrkjelyd der begynte som ein liten flokk på 50-60 personar då eg var der. No har flokken stege til fleire tusen.

*Olai Otterå*

## Annlaug Børve om Rispa, ei kvinne frå Bibelen

Då kyrkjevevjerje Annlaug Børve besøkte Føremiddagstreffet i Kyrkjekjellaren siste onsdagen i oktober, hadde ho som tema å snakka om ein person frå Bibelen. Personen ho hadde valt var Rispa.

Rispa kan vi lesa om i 2 Samuels bok i kapittel 21. Kapitlet startar med å fortelja at i Davids styringstid hadde det vore 3 uår. David fekk vita av Herren at det skuldast at Saul hadde drepe folk i Gibeon. Då han spurde gibeonittane kva han skulle gjere for dei, svarta dei at dei måtte få 7 av etterkomarane til Saul som dei kunne drepa. Det fekk dei, og personane vart drepne oppe på fjellet.

To av personane var sønene til Rispa. Ho ville ikkje hemna dei. I staden seier Samuels bok: «Rispa, dotter av Ajja, tok sekkestrie og breidde ut på berget. På den vart ho sitjande frå kornskurden tok til og til regnet strøynde ned over dei døde frå himmelen. Ho såg til at fuglane under himmelen ikkje slo ned på dei om dagen, og at villdyra ikkje tok dei om natta.»

Ho passa altså på dei i eit halv år. David henta knoklane og gravla dei då han høyrde kva Rispa hadde gjort. Etter dette var hungersnauða over.

Kva kan vi så lære av dette? lurte Annlaug Børve på. Ho peika på kor viktig det er å lytta til Gud, slik David gjorde sjølv handlangane vart ekstreme.

Ein annan ting vi kan lære er kor viktig det er ikkje å leva etter hevnmotivet, slik det var for gibeonistane. Ein tredje ting er å gjera det vi kan og handle av kjærleik, slik Rispa gjorde for dei døde borna sine.

Rispa endra politikken til David og hindra eskalering av vald og hemn, for David skamma seg over det han hadde gjort då han høyrde kva Rispa hadde gjort. - Rispa var utan makt, men ho gjorde det ho kunne. Dei som har makt må sjå sine egne feil, avslutta Annlaug Børve

*Olai Otterå*



Annlaug Børve



*Lunsjbordet var dekket slik det alltid er på føremiddagstreffa.*

# Den reise-glade pensjonist

**Vi takkar for mange gode år med Norvald Snekkevik som driftsleiar for kyrkjer og gravplassar i Øygarden og ønskjer han ei god pensjonisttid!**

## Kor lenge har du arbeidd i kyrkja og kva har oppgåvane dine vore?


Eg begynte som kyrkjetenar i Landro og kyrkjegardsarbeidar i Fjell Sokn så langt tilbake som i 1992. Stillinga var 50%, men ho vart etter kvart utvida til full stilling. Det var ein kjekk jobb som eg var tilsett i til 1998 - seks og eit halvt år. Då det skulle tilsetjast seksjonsleiar for kyrkje og gravplassar vart eg oppfordra til å søkja. Dette var ei nyoppretta stilling. Eg søkte, og fekk jobben. Dette var i 2009. Etter 10 år borte frå staben i Fjell var det kjekt å komme tilbake. Det var ein mykje større stab enn den eg forlét 10 år tidlegare. Ny kyrkje var det også komen (Foldnes). Den første tida hadde eg kontor i Foldnes kyrkje. Oppgåvene eg fekk som seksjonsleiar var mange og varierte. Eg hadde mellom anna ansvar for drift av kyrkjer og gravplassar og personalansvar for kyrkjetenarar og kyrkjegardsarbeidarar.

Tida frå 1992 fram til 2009 hadde kyrkja endra seg vesentleg. Det var mange fleire folk i staben, ny kyrkje og fleire nye gravplassar å ta hand om. Dette gjorde arbeidet variert og interessant. Så kom kommunesamanslåinga og også samanslåing av fellesråda i Fjell, Sund og Øygarden. Det var plutselig mange fleire kyrkjer, gravplassar og tilsette å ta hand om. Vi vart store. Jobben med samanslåinga var interessant og lærerik, men baud også på utfordringar. Ei av dei viktigaste oppgåvene eg har følt på i mi stilling er oppgradering av gravplassane i kommunen. Dei fleste gravplassane er utvida i denne perioden og vi har også fått ein ny kyrkjegard på Foldnes og på Landro. Dette er reine parkområde som krev mykje stell og vedlikehald som eg meiner må prioriterast også i tida framover.

## Kva er høgdepunkta du ser tilbake på i din kyrkjekarriere?

Det er mange ting ein kan trekkja fram når det gjeld høgdepunkt etter lang fartstid i kyrkja. Men i driftsseksjonen vil eg nok trekkja fram flytting av klokketårn i Landro. Dette har det vore jobba med i meir eller mindre 30 år. Elles vil eg trekkja fram det gode kollegafelleskapet vi har hatt i staben og det gode samarbeidet med eksterne leverandørar. Det har vore ein kjekk og innhaldsrik jobb eg har hatt i alle desse åra, som eg ser tilbake på med takksemd.

## Du har no blitt pensjonist, kva planer har du for tida framover?



*Norvald Snekkevik blir pensjonist. Han har vore driftsleiar for kyrkjer og gravplassar i Øygarden.*

FOTO: PRIVAT

Det er ei tid for alt, og så kom pensjonisttilværet til meg også. Når eg skriv dette ferierer eg og kona i varmare strøk, og det er fint. No tar eg ein ting om gongen og regner med at eg ikkje blir «arbeidsledig» med hus, stor hage, barn og barnebarn

tett på. Jau, dette skal gå seg til. Eg er glad i å reise, gå på turar og køyre bubil og dette håpar eg at eg skal få meir tid til framover. Takk for gode år i kyrkja i Øygarden!

*Yngvild Mørner Sørheim*

VELKOMMEN TIL

# Prosjekt Julekor

MED FJELL VOCALIS

**PROSJEKT JULEKOR  
HAR VORE EIT SAMARBEID  
MELLOM FJELL OG SUND SOKN**

DEI AVSLUTTAR MED  
KONSERTAR/SALMEKVELDAR

7. DESEMBER I FJELL KYRKJE  
OG  
14. DESEMBER I SUND KYRKJE

**VEL MØTT!**



## Val 2023 til nytt sokneråd

Er du glad for at vi har «VÅR KYRKJE» når barnet ditt skal døypast, når barnet ditt skal stå konfirmant, eller når vi treng ein plass for fellesskap, anten det er sorg eller glede?

Er det viktig for deg at den komande slekt veit kvifor vi feirer jul? Synest du det er ein fin tradisjon å gå i kyrkjo på julaften?

Då skal du vite at kyrkja er avhengig av frivillige dugnadsarbeidarar for at kyrkja kan vera open og aktiv når vi treng det.

I september 2023 er det val av nytt sokneråd i Sund Sokn.

Soknerådet påverkar i stor grad kva tilbod og aktivitetar vi skal ha i kyrkja/kyrkjelyden vår. Dei passer blant anna på pengebruken, bestemmer kven som skal få offerpengane, korleis kyrkja vår skal framstå og mykje meir.

Vil du vere med å påverke kva som skal vere av aktivitetar og tilbod i kyrkja vår?

Om ingen stiller opp, så er eg redd for at tilboda blir færre, og at vi, i verste fall, ikkje har kyrkja klar når den enkelte treng den.

Mitt ynskje er at kvar lita bygd i Sund sokn skal ha «sin» representant i soknerådet. Ingen kan gjera alt, men alle kan gjera litt.

So no utfordrar eg DEG til å ta «neste vakt»!

Meld deg som kandidat til sokne-rådsvalet i 2023! Soknerådet treng både unge og eldre og dei midt i mydla, kvinne som mann.

For å vere valbar må du vere fylt 18 år, eller fyller 18 år i valåret og vere medlem i kyrkja.

Takksam for all påmelding til  
bente.aase@hotmail.com

Bente Aase  
soknerådsleiar

## Johannes vart heidra i sitt nærmiljø



Døtrene til Johannes Kleppevik ved statuen av faren.

Nærare 300 personar møtte opp i grått vær i Klokkarvik 9. oktober då det var høgtidleg avduking av skulpturen av Johannes Kleppevik søndag ettermiddag. Skulpturen er laga av Vidar Bratlund

Ordførar Tom Georg Indrevik, som fekk hjelp frå dei fire barnebarna til Johannes til å avduka skulpturen, sa at uansett om ein er bymann eller stril, så har ein høyrte om Johannes Kleppevik. Folk har høyrte dei flotte visene hans og dei fleste har nok vore med og sunge desse som allsong.

Johannes Kleppevik representerer det fellesskapet vi har Gjennom engasjementet sitt for kyst- og strilekulturen har vi mykje å takka Johannes for Han var som de veit ein av dei sterke drivkreftene bak Torgdagen som no er av dei viktigaste hendingane i Bergen, sa ordføraren før han siterte frå songen «Eg har ein engel».

Eg har ein engel med meg på vegen  
Han var der frå fyrste stund  
Frå vogge til grav han lyser  
Til slutt i min siste blund.

Eg har ein engel med meg på vegen  
I ungdom og song og vår  
I livet han fylgjer med meg  
I gode og tunge år.

Eg har ein engel med meg på vegen  
Når kvelden vert vond å gå  
Han styrer mitt steg i natta  
For dagen eg takkar då.

Eg har ein engel med meg på vegen  
Når livet mitt ebbar ut  
Han syner meg himmelstranda  
Her er ikkje sorg og sut.

Ottar Vik

## Stjerne- og Betweenskoret

Øving:

13. desember (NB! Begge kora møter kl 17.30)

17. og 31. januar

Her syng vi i haust:

Søndag 18.12 - Vi syng jula inn, Kausland kyrkje kl 18.00

NB! Fint om koret møter 30 min før arrangementet startar.



Sund Brass framførte fire melodiar.

## Øygarden kyrkjemusikkfestival

Øygarden Kyrkjemusikkfestival føregjekk ei veke i september med ulike konsertar i fleire av kyrkjene i Øygarden. Vi konsentrerte oss om konserten som var i Sund kyrkje måndag 19. september der fleire lokale artistar var med, og dei fekk kvar sine bolkar i konserten.

Først ute var Sund Brass med fire melodiar, m.a. «Så skimrande var aldri havet» av Evert Taube. Deretter kunne dei rydda vekk stolane sine og overlata tonane til Irina Tarasova som spelte eit orgelstykke av César Franc k på orgelet.

Sund Blandakor var dei einaste som hadde to avdelingar. I den første avdelinga framførte dei m.a «Blå salme» av Erik Bye og «Bred dina vida vingar» av Lina Sandell, songar som nok var kjende for

dei fleste tilhøyrarane.

Før Sund Blandakor slapp til med andre avdeling vart det gjort plass til to andre lokale songarar. Først av dei var Vivian Steinsland med m.a. ein song som ein del nok hadde høyrte før: «Gje meg handa di, venn» av Sondre Bratland. Også Roy Vorland hadde nokre kjende songar på repertoaret. «Bridge over troubled water» og «Den hellige stad» var songar som mange kunne nikka gjenkjennande til.

Så vart Sund Blandakor kalla fram att for å avslutta konserten, m.a. med «Jesus, styr du mine tankar» med ein folketone frå Øygarden.

Med så mange ulike aktørar vart dette ein fin og variert konsert.

*Olai Otterå*



Sund Blandakor hadde to avdelingar med til saman seks songar. Over: Vivian Steinsland og Roy Vorland.

## Flaks for deg at Jesus lever!

Eg vil gjerne dele ein historie med dykk som eg las i eit sokneblad frå ein annan kommune. Historien er sann, og eg har fått lov til å dele den.

Vedkommande las for mange år sidan eit stykke i eit kristent ungdomsblad. I overskrifta stod det noko han reagerte på. Den lydde slik:

«Sjekk om du er ein god kristen»

Her skulle du gje deg sjølv poeng etter kor høgt eller lavt du skora på ein del spørsmål. Så skulle du ut frå sluttsummen få eit svar for korleis det stod til med kristenlivet ditt.

Fyrst kjende han på ei slags undring, som etterkvart gjekk over til eit slags sinne. Er det mogeleg? Er vi komen så langt no at det er berre å svara på nokre spørsmål, skåra flest mogeleg poeng, og så er resultatet klart? Ein har jo sett liknande saker i andre blad der ein kan testa seg om ein er ein dyktig sjåfør, god ektemake, om ein er god med økonomi o.l. Det er nesten ikkje ende på kva ein kan få svar på i slike testar. Men ein god kristen.... ein kan jo ikkje rekna seg fram til slikt. Enten er du ein kristen, eller så er du ikkje. Men du veit jo korleis det er med oss menneske, vi er nysgjerrige og det er alltid spennande å vite korleis vi ligg an. Slik også for vår kar her. Nysgjerrigheten tok overhand, og han tenkte: Det hadde no vore kjekt å veta.... Og dermed var han i gong. Spørsmål for spørsmål. Han prøvde å svare så ærleg og godt han kunne, for så å føra poengsummen ut i marginen. Etter å ha svart på alle spørsmåla var det berre å summera ned, og så skulle resultatet vera klart.

Nederst på sida sto det at dersom du hadde fått 1000 poeng eller meir var alt på stell. Med andre ord, du var ein god kristen og kunne berre slappa av. Men hadde du mindre enn 1000 poeng var det fare på ferde. Då burde du snarast ta deg ein prat med Vår Herre, for her var litt å ta tak i.

Å, stakkars meg, tenkte han. Korleis skulle detta gå? Han hadde berre fått 46 poeng. Kva var dette for noko? 1000 poeng...., det var jo ikkje mulig, same kor godt han hadde svara. Ja, ja, tenkte han. Det var vel meint som ein spøk eller morsomheit. Han såg seg ferdig med testen og bladde om. Der stod det med store bokstavar:

**FLAKS FOR DEG AT JESUS LEVER!**

Ja, snakka meg om å bli lurt, men samtidig få augo opp for løyndomen i evangeliet. For det kjem ikkje an på oss

## Avskjed med biskopen


**Biskop Halvor Nordhaug gav seg som biskop i Bjørgvin bispedømme 30. november. Nordhaug har vore biskop i Bjørgvin sidan 2009. Før han gjekk av ville han besøka alle prostia i Bjørgvin.**

1. november var turen komen til Vesthordland prosti, som består av sokna i Øygarden og på Askøy. Det var alle dei frivillige i Vesthordland prosti han ville treffa, og mange av dei møtte fram i Foldnes kyrkje for å ta avskjed med biskopen.

Samlinga vart innleia med ei gudsteneste i kyrkja, for som biskopen har sagt, er den viktigaste oppgåva til biskopen å hjelpa menneske til tru på Gud og til å leva som disiplar av Jesus.

Etter gudstenesta samlast alle i kyrkjelydssalen i Foldnes kyrkje. Der kunne ein forsyna seg med kaffi og noko å bita i. Det vart òg presentert ein quiz med spørsmål om biskopen. Seinare vart det orientert om eit prosjekt på Cuba som ein samla inn pengar til. Men timane gjekk fort, og til slutt måtte vi seia endeleg adjø til biskopen i Bjørgvin dei siste 13 åra.

*Olai Otterå*



*Biskop Halvor Nordhaug har gått over til å vera pensjonist. Her er han under gudstenesta han hadde i Foldnes kyrkje.*



*Mange av dei frivillige i Øygarden var samla for å ta avskjed med biskop Nordhaug.*

og kva vi får til, men på Jesus og det verk han fullførte på korset. Ufortent og av hans nåde blir vi kjende rettferdige, frikjøpte i Kristus Jesus!

Då er det berre å bekjenne sitt nederlag,

ta imot Jesus sitt fullbrakte soningsverk på korset og syngja av full hals, slik det står i ei av påskesalmane:

«Jesus vant og jeg har vunnet!»

*Bente Aase*



## Allehelgensdag

Allehelgenssøndagen, den første søndagen i november, er ein dag då ein minnest dei som har døydd sidan førre allehelgenssøndag. Dette skjedde i Sund kyrkje etter preika og kunnjingane. Då var det sett av tid til å lesa opp namna på dei 45 personane i Sund sokn som var døde det siste året. Kjell-Asle Børnes hadde gudstenesta denne dagen og las opp alle namna medan Hildegunn Børnes Myklebust tende eit lys for kvar av dei døde. Til saman var det 47 lys, for det vart også teke med to meir generelle bønner.

Til stades på denne gudstenesta var også Sund Blandakor som song både til preludium og postludium og ein tredje gong etter at lystenninga var fullført.

*Olai Otterå*



## Sorggruppe

Kyrkja i Øygarden planlegg å starte sorggruppe med oppstart i desember. Grappa er for deg som har opplevd å miste nokon du er glad i. I ei sorggruppe møter ein andre som har mista nokon. Mange finn trøyst og støtte i å møte andre menneske som er i same situasjon, og å kunne dele erfaringar og tankar om sorga. Ei sorggruppe er ei samtalegruppa der medlemme snakkar saman og hjelper kvarandre ved å dele sine egne erfaringar. Den består av 4-6 personar som møtest regelmessig, 10 gongar, og vert leia av ein diakon og ein frivillig. I denne gruppa er det Astrid

Fylling og kreftsjukepleiar Inger Fosse som blir med. Grappa samlast på Straume slik at det blir greitt å nytte offentlig transport. Det vert ikkje stilt krav til tru for å få vere med i sorggruppe i regi av kyrkja, gruppa er livsynsopen. Uansett kva du har opplevd og korleis sorga di ser ut, er du velkomen. Tilbodet er gratis.

Om du er interessert i å delta i sorggruppe, kan du sende e-post til Astrid Fylling: [af226@kyrkja.no](mailto:af226@kyrkja.no). Alle som melder seg, blir kontakta.



## Aktivitetsskalender

Når?	Kva og Kor?
Kvar tysdag kl.18:30 – 21:00	Boost- for ungdom 13 år og eldre. Vi treffest, spiser, syng, spelar bordtennis, brettspel, ... Annankvar tysdag i Kausland og annan kvar tysdag i Klokkekarvik. For nærmare informasjon ring kyrkjelydspedagog Katrin.
<b>16.12 – 23.12</b> Måndag, onsdag, fredag eller laurdag kveld, etter avtale	Ein avslappande halv time om kvelden med ein advents- eller julefortelling i Kausland og i Sund kyrkje. For påmelding ta kontakt med kyrkjelydspedagog Katrin
<b>Vi startar i januar</b> å tilby kvar andre veke (presis oppstartsdato kjem etter påmelding i første januar-veka)	<b>Babysong</b> med Irina Tarasova og Katrin Fischer
Måndag den <b>9. januar kl. 19:00</b>	Foreldremøte til konfirmasjonsleir
<b>20. - 22. januar 2023</b>	Konfirmantleir på Fjell-ly
<b>19. februar 2023 kl. 11:00</b>	Utdeling av 4-årsboka til alle 4 åringar (og barna som ikkje fekk 4-årsboka i fjor) i familiegudstenesta i Kausland kyrkje
<b>Fastetida og tida rundt påske</b>	Vi informerer etter kvart om aktivitetar før og rundt påske på kyrkja si nettside ( <a href="http://kyrkja.no/oygarden">kyrkja.no/oygarden</a> ) og Facebook

## «Å ha noen er den store forskjellen»

Home-Start familiekontakten Øygarden feiret 15-års jubileum med lunsj-seminar i Foldnes kirke 21. november.

Rundt festbordet satt ansatte i kommune og kirke, politikere, frivillige, samt andre samarbeidspartnere og venner av Home-Start.

Ordfører Tom Georg Indrevik åpnet med en hilsen hvor han understreket viktigheten av samarbeidet mellom kommunen og frivillig sektor.

Familieterapeut Kristina Ekerhovd-Ottersen holdt et spennende faginnlegg hvor hun pekte på den unike rollen som en frivillig familiekontakt har i møte med familier i sårbare livssituasjoner.

Prosjektleder Anette Rakli Børnes understreket også at Home-Start fyller en oppgave som det offentlige hjelpeapparatet ikke kan rekke: «Når vi slår lyset av, slår Home Start lyset på».

Solveig Økland bidro med nydelig sang. Home-Start Øygarden er i vekst, og inviterer til kurs for nye frivillige 9. februar.

Frå 4. klasse og oppover!

Vil du bli med på klubb?

# Between-klubb

Vi leikar, har ulike aktivitetar, lærer frå Bibelen, et kvelds saman. Du og venene dine er velkommen til å bli med!

**Vi møtest:**

20. desember

24. januar

**Kontaktpersonar:**

Hildegunn B. Myklebust - 455 16 360  
Irina Tarasova - 474 50 606

I Kyrkjekjellaren, Sund kyrkje frå kl. 17.30 til 19.30.

## Kva brenn du for?

Har du lyst å bidra med noko i kyrkjelyden vår?

Vil du delta i noko, men veit ikkje korleis?

Vil du vere med på noko som ikkje finst enno?

Ønsker du å vere saman med andre?

Om du er liten eller stor, ung eller eldre, ...

**Du er velkommen som du er i kyrkja vår**



Har du ein idé, har du eit forslag, vil du vite meir, eller vil du bli aktiv, ta kontakt med:

Diakon **Hildegunn**: 45516360

Kyrkjemusikar og barne- og ungdomsarbeidar  
**Irina**: 47450606

Kyrkjelydspedagog **Katrin**: 40304255

# Advent starta med påskefeiringa



Erling Kopperud på Føremiddagstreffet i Kausland kyrkjelydshus 23. november.

Erling Kopperud steppa inn for Jan Tommy Fosse på det siste føremiddagstreffet før jul. Fosse var forhindra i å kome, men Kopperud beheldt det same temaet: Advent.

For oss er advent starten på eit nytt kyrkjeår. Men opprinneleg tok det mange år før eit kyrkjeår var etablert, for i den første tida trudde ein at Jesus snart skulle kome att. Først etter 150 år byrja ein med påskefeiring, og i den samanhengen vart det lagt opp til 8 dagar før og 8 dagar etter med feiring.

Så gjekk det nye 100 år før pinse vart plassert i kyrkjeåret, og i løpet av dei neste 100 åra kom palmesøndag, skjærtorsdag, Kristi himmelfartsdag, fastetida og langfredag. Først rundt år 400 begynte ein å feira jul medan advent ikkje vart markert før rundt år 550.

Jula slik vi kjenner den er jo feiring av Jesu fødselsdag. Men feiring av fødselsdagar var ikkje vanleg i den første tida. Då var det meir vanleg å feira martyrane sine dødsdagar. Jesu fødselsdag hadde ikkje

noko fokus for dei første kristne, men etter kvart vart det meir vanleg.

Som nemnt begynte ein å markera jula rundt år 400, men først rundt år 550 vart feiringa lagt til 25. desember. Ein av grunnane er at martyren Stefanus sin dødsdag vart feira 26. desember. Det tvinga etter kvart julefeiring på denne tida. Dessutan hadde det frå gammalt av vore ein solfest på denne tida, ein fest som kyrkja meinte dei kunne gjera noko ut av.

I samband med julefeiringa førte det til at det også vart ei førebuingstid på same måte som det hadde vore med påskefeiringa. Dermed kan vi seie at advent har sin bakgrunn i påskefeiringa.

Advent inneheld tre perspektiv, fortalde Kopperud: 1) Han som kom 2) Han som kjem 3) Han som skal kome («Han kjem snart igjen»). Det tok 550 år før advent kom inn i kyrkjeåret, men ikkje før rundt 1500 var heile kyrkjeåret slik vi kjenner det, fastlagt.

Olai Otterå



**TREFF+ er ein frivillig organisasjon som i samarbeid med Øygarden kommune, Rong Senter, Sund Senter og Sartor Storsenter tilbyr seniorane ulike kultur- og handletilbod.**

## Program for vinter 2022:

- Data oppfriskingskurs: 01. desember 2022 klokka 10.00-13.00 på innbyggartorget og biblioteket, Sartor Storsenter.
- Litterær matpakke: siste torsdag kvar måned på innbyggartorget og biblioteket på Sund Senter og Sartor Storsenter.
- Juleavslutningar 11.00-12.30: framsyning ved Seniorkameratane:
  - 7. desember Rong Senter, moteshow ved Bricks
  - 8. desember Sartor Storsenter
  - 14. desember Sund Senter

Obs: inga påmelding, alle er velkomne og får ei lita gåve!

## Program for vår 2023:

- Datakurs for vidarekomne «Ikkje lat deg lura – IT-tryggleik på nett»: Februar til april 2023. (Det vert pårekna ein eigeandel).
- Litterær matpakke: siste torsdag kvar måned på innbyggartorget og biblioteket på Sund Senter og Sartor Storsenter
- Årsmøte Treff+: 29. mars 2023 klokka 13.00 på innbyggartorget og biblioteket, Sartor Storsenter
- Planlegg moteshow sommaren 2023.
- Treff+ kort: for medlemmar med ulike tilbod. Kortet kan du få på innbyggartorga og biblioteket. Ein må registrera seg (gratis).

**Vi ønskjer alle seniorar i Øygarden hjarteleg velkomne til Treff+ - aktivitetar.**

# Teikneseriebibelen til 10-åringane

*Teikneseriebibelen* har det vore vanleg for kyrkja å dele ut til 10-åringane i soknet kvart år. I år var denne utdelinga lagt til 1. søndag i advent. Det var ikkje så mange som hadde meldt seg på at dei ville koma, men gledeleg nok var det ganske mange som kom.

Alle 10-åringane kom fram i kyrkja for å få tildelt *Teikneseriebibelen*, ei bok med mange spennande og fine forteljingar. Mellom anna kan ein lesa og sjå teikningar om Skapinga, Noah, Moses, Kong David, Jona og Rut. I tillegg finn ein mange spennande forteljingar om Jesus og menneska han møtte. Denne boka vart delt ut av LysVaken-gjengen, som var i kyrkja denne dagen. Etterpå kunne vi få eit bilete av alle 10-åringane med *Teikneseriebibelen* i handa.

*Olai Otterå*



*LysVaken-gjengen deler ut Teikneseriebibelen til 10-åringane.*



*10-åringane har fått ein teikneseriebibel kvar.*

# Advent – Jesu komme

Julen er kirkeårets første store fest. Festen for at Gud ble menneske i forbindelse med Jesu fødsel. Vi skal feire undrenes under, det grenseoverskridende, at Gud forener seg med mennesket. For «*Det intet øye så og intet øre hørte, det som ikke kom opp i noe menneskehjerte, det som Gud har gjort ferdig for dem som elsker ham, det har Gud åpenbart for oss ved sin Ånd.*» (1 Kor 2, 9-10)

Denne begivenhet i verdenshistorien, i tidens og frelseshistoriens midte, den skal feires! Som påsken og pinsen har også julen sin forberedelsestid i form av adventstiden og feiringen fortsetter etterpå i åpenbaringstiden.

Det er sagt at adventstiden skal hjelpe oss til å «*gjøre julens innhold dyperø*» (Berggrav).

Vi vandrer liksom fra lys til lys i Guds ord. Skikken med adventslys kom i bruk ca år 1000, og som alltid ellers symboliserer de brennende lys i kirken Kristi nærvær. Den stadig økende lysstyrke gjennom adventstiden understreker at vi nærmer oss hans komme som ble kalt verdens lys. (Joh 8,12).

Adventstiden er *ankomsttid*, som skal preges av Jesu komme. Evangelisten Matteus bruker ordet «parusi» om Jesu framtidige komme. Dette ordet betyr både «nærvær» og «komme», og ble i Romerriket brukt om keiseren når han kom til en by i pomp og prakt, hyllet som gud og frelser. I kirkeåret er Kristus denne herskeren. Han er kongen som kommer til sitt folk. Vi merker det særlig i tekstene som vi nå skal lese i

det nye kirkeåret, etter første tekststykke.

Det har vært vanlig å tale om Kristi komme på tre måter:

- I kjød, som menneske (til jul)
- I hjertene (ved troen)
- I herlighet (til sist)

Dette er også uttrykt slik:

Han som *kom* (om fortida)  
Han som *kommer* (om nåtida)  
Han som *skal komme* (om framtida)

Sett fra løftenes perspektiv i Det gamle testamente er Jesu komme til verden det tidspunkt i frelseshistorien, hvor løftene oppfylles. Men det skjer også en oppfyllelse når Jesus igjen og igjen kommer til oss, og vi nærmer oss hans komme i herlighet, som er den endelige oppfyllelse av alle løfter. Kirkeåret – og særlig adventstiden – rommer alle disse tre dimensjoner som er i spill hele tiden.

Både avslutningen av det gamle kirkeåret og begynnelsen av det nye handler om det samme, nemlig Jesu eller Menneskesønnens komme i herlighet. Dette henger sammen med at adventstida en gang hadde seks søndager, og på denne måten skulle menigheten minnes om og alltid være bevisst Jesu framtidige komme. Det betyr at vi i adventstiden ikke venter på Jesu fødsel – den er jo skjedd! - men vi forbereder oss til å *feire hans første komme*, og når vi gjør det, skal vi samtidig tenke videre og konsentrere oss om det kristne framtidshåpet.

Paulus skriver om dette håpet: «*Dere vet hvilken tid det nå er: Timen er kommet da dere må våkne opp av søvnen, for frelsen er oss nærmere nå enn da vi kom til tro. Natten er snart slutt, og dagen er nær. La oss derfor legge bort mørkets gjerninger og kle oss i lysets rustning.*» (Rom 13, 11-12)

*Framhald neste side*



**SOLSTRANDS  
BEGRAVELSESBYRÅ**

Vårt avdelingskontor på Sotra  
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume  
**Telefon 55 55 16 16 - hele døgnet**  
www.solstrands.no  
Vår erfaring - din trygghet **VIRKE  
GRAVFERD**



**Sotra Omegn**  
BEGRAVELSESBYRÅ  
- En del av Koba Christensen gruppen

**Ditt begravelsesbyrå på Sotra.**

**Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.**

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet  
Grønamyrvægen 22, 5353 Straume  
(Bjørøygården)



**Du kan ringja Kirkens SOS heile døgeret, tlf. 22 40 00 40**  
**Kirkens SOS teksttelefon for døve, tlf. 55 32 56 97**

*Bergen Omegn*  
BEGRAVELSEHJELP  
**POLDEN**

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv

  
Knut Helge Polden

  
Espen Polden

  
Heine Polden

  
Cathrine Polden Misje

**Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700**  
www.bergenogomegn.no

**AVD. BERGEN**  
Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

**AVD. SOTRA**  
2.etg på Shellstasjonen  
Sartor, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50





## Myldredagar

Myldredagar for heile familien - besteforeldre også!

Middag – Bibelforteljing – Aktivitet – Song

### Myldredagar i Klokkarvik

6. desember  
10. januar

### Myldredagar i Kausland

14. desember  
18. januar

Fleire datoar for 2023 var ikkje klare då bladet gjekk i trykken.  
Følg med på nettsida til kyrkja: [kyrkja.no/oygarden](http://kyrkja.no/oygarden)

## Føremiddags- treffa

Føremiddagstreffa held fram den siste onsdagen i månaden også i 2023 (med unnatak av det første treffet). Som vanleg vekslar dei mellom **Kyrkjekjellaren i Klokkarvik** og **Kyrkjelydshuset på Kausland**, og dei tek kvar gong til kl. 11.30. Til kvart treff blir det med ein gjest som snakkar om eit emne. Men før vedkomande slepp til vert det ein felles lunsj.

Følg elles med på kunngjeringsar og i VestNytt.

**01.02 - Kyrkjekjellaren kl. 11.30**

*NB. Merk datoen!*

Gjest: Harald Grønnevik

**22.02 - Kyrkjelydshuset kl. 11.30**

Gjest: Erling Kopperud

**29.03 - Kyrkjekjellaren kl. 11.30**

Gjest: Alvhild Vassel Eide

**26.04 - Kyrkjelydshuset kl. 11.30**

Gjest ikkje klar

**31.05 - Kyrkjekjellaren kl. 11.30**

Gjest ikkje klar

Alle er velkomne!

## Advent ...

*Framhald frå førre side*

I en adventsalme i Salmeboka vår synger vi:

Rydd vei for Herrens komme,  
for frelsen fra vår Gud!  
Vår ventetid er omme,  
han sender oss sitt bud:  
Det gamle skal forsvinne,  
Guds rikes tid er inne!  
Velsignet være han  
som kom i Herrens navn.

Han kommer han som troner  
hos Gud i evig glans!  
Snart flettes vår toner  
i englesangens krans.  
Men Lammets sang begynner  
i dag, når vi forkynner:  
Velsignet være han  
som kom i Herrens navn.  
(NoS, nr 9, v 1 og 3)

Erling Kopperud

# DITT LOKALE SENTER

- Det du treng - der du bur!



## SUND SOLSTUDIO



Tlf. 56 33 92 78



Tlf. 56 33 74 93



Tlf. 56 33 74 44



Tlf. 56 33 90 13



Tlf. 56 32 50 45



Tlf. 56 33 70 70

BRANSJE: BLOMSTER - DAGLEGVARER - JERN- OG FARGEHANDEL  
FRISØR - APOTEK - KAFETERIA - MINIBANK  
SOLSTUDIO

## Varme fellesskap i kalde kyrkjer

I vinter vert temperaturen i kyrkjene lågare enn kyrkjegjengarane er vande med. Kyrkjevevja oppfordrar folk til å kle seg godt når dei skal til kyrkja.

Fellesrådet sine straumkostnadar er tre gonger så høg inneverande år som dei var i 2019. For å få ned kostnadane har fellesrådet fatta vedtak om at kyrkjene skal halde ein temperatur på 18-19 grader. Det er dermed blitt merkbart kaldare i kyrkjene.

Besøkande i kyrkjene må ta høgde for at kyrkjene er kaldare enn dei er vande med. Varmen i det å møtast er likevel like sterk som han alltid har vore. Vi oppfordrar difor alle til å ta på seg varme klede, komme til kyrkja og vere med på å skape dei varme fellesskapa som vi alle ønskjer å vere ein del av.

Annlaug Børve  
kyrkjevevje



## Skjer i kyrkja



Oppløvingar og fellesskap der du bur

For full oversikt over alle julekonsertar i kyrkjene i Øygarden kan du gå inn på [skjerikyrkja.no](http://skjerikyrkja.no)

Skjer i kyrkja er Den norske kyrkjes nasjonale arrangementsportal. Målet er at du her enkelt kan utforske og finne arrangement som passar deg, der du er.

Du kan velge kommune og søkje på alle gudstenester, arrangement og konsertar i den kyrkja du vil gå i.



Via **INTERFLORA**  
formidlar vi blomstrar  
i innland og utland.

Vi er fagutdanna og utfører alt  
i binderi til fødsel, dåp,  
konfirmasjon, bryllaup,  
gebursdagar og gravferder -  
og elles det du måtte ønskja.

Plantar òg på gravstader  
i Fjell og Sund.

### Opningstider:

Måndag-onsdag: 9.00-18.00

Torsdag-fredag: 9.00-20.00

Laurdag: 9.00-16.00

**Tlf.: 56 33 90 13**

Faks: 56 33 93 01

## TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?

Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)



**SOS**  
22 40 00 40



**SOS**  
MELDING

**KIRKENS**  
**SOS**

## GRAVMONUMENTER

Egil Fosse  
Goltavegen 279  
5381 Glesvær  
Mob.: 906 69 191

NAVNETILFØYELSER - OPPUSSING - REPR. FOR



**KJØL STENINDUSTRI AS**

6490 EIDE

## Døpte

### 02.10 Sund kyrkje

Tobias Ulvedal

### 09.10 Kausland kyrkje

Ada Teodora Øvretveit  
Vegard Vorland

### 16.10 Sund kyrkje

David Thompson

### 23.10 Kausland kyrkje

Signe Lofnes  
Dennis Dahl

### 30.10 Kausland kyrkje

Balder Emil Tisløv  
Thorvald Sangolt

### 13.11 Kausland kyrkje

Hailey Sofie Jordalen  
Loke Nikolai Vorland  
Nora Helen Vorland

### 20.11 Sund kyrkje

Oliver Flataker Hansen

## Gravlagde

### 06.09 Sund kyrkje

Helge Mjelstad, f. 1966

### 30.09 Kausland kyrkje

Emmy Margrethe Viksøy, f. 1930

### 18.10 Kausland kyrkje

Per Asbjørn Kallestad, f. 1953

### 25.10 Sund kyrkje

Torvald Rikard Viksøy, f. 1937

### 25.10 Kausland kyrkje

Ronald Asle Veland, f. 1944 (bisetjing)

### 28.10 Sund kyrkje

Åge Forland, f. 1969 (bisetjing)

### 04.11 Kausland kyrkje

Olav Johannes Aune, f. 1940 (bisetjing)

### 16.11 Kausland kyrkje

Knut Gunnar Hamre, f. 1930

## Takk

**Hjertelig takk** for all oppmerksomhet, gaver, blomster og telefonhilser i forbindelse med min 90-årsdag. Setter umåtelig stor pris på dette.

*Varm hilsen fra Ester Marie Tofterå*

**Ein varm takk** til alle som deltok i gravferda til *Per Kallestad*. Takk for omtanke, fine ord, musikk, blomar og pengegåve til Prosjekt Håpet, barn og familie i Brasil.

*Helsing Margrethe med familie*

## PRESTETENESTA I SUND

Kontakt med prest måndag – fredag kl 10.00 – 14.00: **400 03 316**

### Samtale og sjelesorg

Presten er glad for å bli kontakta for samtale. Det kan opplevast som ein høg terskel å ta kontakt, men det er berre å ta mot til seg og slå eit telefonnummer for å avtale tid og treffestad! Han har teieplikt om det som vert delt. Samtale/sjelesorg kan òg føre til skriftemål.

Det er òg ei prioritert oppgåve å gå med nattverd til dei som ikkje lenger kjem seg til kyrkje. Ver frimodig og ta kontakt!

### Ynskje om dåp

Kyrkjekontoret får ikkje lenger tilsendt fødselsmeldingar frå Folkeregisteret når medlemmer i kyrkja har fått barn. Foreldre må difor sjølve ta kontakt og be om aktuelle datoar der det er gudstenester med høve for dåp. Ver ute i god tid! Alle som ber om dåp for barnet sitt, vert inviterte til ei felles dåpssamtale i Sund kyrkje eller Kausland kyrkje, alt etter kva for ei kyrkje ein «soknar til».

Også unge eller vaksne kan be om dåp. Då vert det individuelle samtalar med opplæring. For unge som ikkje er døypte, vert konfirmasjonsførebuinga som eit opplæringsprogram som òg vert førebuing til dåpsdagen.



DEN NORSKE KYRKJA

## Sund sokn

Telefon sentralbord: ..... 400 03 316

### Post- og besøksadresse:

Øygarden kyrkjekontor  
Tytebærbrekko 2  
5353 Straume

Det er mogleg å gjere avtale om besøk på kyrkjekontoret i Sund.

### Ekspedisjonstid:

Måndag - fredag .... kl. 09.30 - 14.30

**E-post:** post.oygarden@kyrkja.no

**Nettside:** www.kyrkja.no/oygarden

Her finn ein kontaktinformasjon til kyrkjestaben.

### Soknepresten

Erling Kopperud .....

*vikar til ny sokneprest er klar*

E-post: erling.kopperud@gmail.com

### Soknerådet

Bente Aase .....

*soknerådsleiar*

E-post: bente.aase@hotmail.com

## Givarteneste

Sund kyrkjelyd

### Barne- og familiearbeidet

### Kyrkjelydsarbeidet

Kontonr.: 3628.50.65156  
Merk kva formål gåva er til.



DEN NORSKE KYRKJA

## Sund Sokneblad

Utgevar: Sund Sokneråd

**Adresse:** Tytebærbrekko 2,  
5353 Straume

**Konto:** 1503.84.37590

**Kontingent:** 250 kr pr. år

**Redigering:** Olai Otterå

### Redaksjon:

Olai Otterå ..... 928 93 057

### E-post:


sund.sokneblad@outlook.com

### Trykk:

Molvik Grafisk AS



**Opplag:** 3.300



Returadresse:  
Sund Sokneblad,  
Tytebærbrekko 2, 5353 Straume



Under forbøna mot slutten av gudstenesta var det ein frå LysVaken som las bønene medan tre andre tende eit lys i lysgloben etter kvar bøn.

## LysVaken i Sund kyrkje

1. søndag i advent har det vore vanleg å møta ein del elevar i kyrkja som har overnatta der. Slik var det også i år. Dei møttest på laurdagen kl. 18.00 og hadde ein del program utover kvelden, m.a. var dei ein tur i lavvoen i Klokkarvik om kvelden. Men ved midnatt skulle det vera ro. Kor godt dei sov, veit vi ikkje, men dei verka vakne i kyrkja dagen etter.

LysVaken-gjengen tok del i gudstenesta på ulikt vis. Det var ein som las bøna i byrjinga av gudstenesta og ein tende det første adventslyset. Mot slutten av gudstenesta var nokre av LysVaken-gjengen med ved at ein av dei las dei ulike forbønene medan tre andre i tur og orden tende eit lys i lysgloben etter kvar bøn.

*Olai Otterå*



Ein av dei som tende eit lys i lysgloben etter ei av forbønene.



Ein frå LysVaken tende det første adventslyset.

Neste utgåve av **Sund Sokneblad** kjem omlag 8. mars

Stoff til bladet må vera i redaksjonen seinast 22. februar